

# Døropnarprosjekt

## i Norddal kommune

### 2012-2015



Sluttrapport 01.06.2015



Norddal kommune

FJORDHAGEN

## **Innhald**

1.0 Samandrag.....	3
2.0 Bakgrunn og rammer.....	4
3.0 Organisering og rapportering .....	5
4.0 Mål, delmål og resultat av tiltak.....	6
4.1 Å tiltrekke seg fleire innbyggjarar til Norddal kommune .....	7
4.1.1 Halde kontakta med utflytta Norddalingar og Norddalingar under utdanning .....	7
4.2 Å få nye innbyggjarar til å kjenne seg velkomne, slik at dei blir buande .....	7
4.2.1 Ta personleg kontakt med alle innflyttarar .....	7
4.2.2 Syte for at alle innflyttarar får Norddal kommune si velkomstpakke .....	8
4.2.3 Oppdatere velkomstpakken og kommunen sine heimesider .....	8
4.2.4 Organisere fadderordning/velkomstkomité i kvar bygd .....	8
4.3 Betre trivsel og betre integrering.....	9
4.3.1 Arrangere jamnlege informasjonsmøter/treff for innflyttarar .....	9
4.3.2 Arrangere årlege treff for utflytta norddalingar og ungdom under utdanning .....	10
4.3.3 Arrangere norskkurs og andre kurs.....	10
4.3.4 Arrangere busstur rundt om i bygdene med gode guidar.....	11
4.3.5 Få kulturkalenderen med oppdaterte arrangement til å bli kjent .....	11
4.4 Gjere det så lett som muleg å skaffe arbeid og bustad.....	11
4.4.1 Skaffe, vedlikehalde og tilgjengeleggjere oversikt over ledige bustader til leige/ sal .....	11
4.4.2 Skaffe, vedlikehalde og tilgjengeleggjere oversikt over ledige tomter .....	12
4.4.3 Stimulere til nye prosjekt som kan auke talet på bueiningar til sal og/eller leige .....	12
4.4.4 Å få fram tiltak som kan hjelpe tilflyttarar å velje Norddal kommune.....	12
4.4.5 Skaffe, vedlikehalde og gjere tilgjengeleg oversikt over ledige stillingar.....	12
4.5 Innhente erfaringar og kunnskap frå andre liknande prosjekt .....	13
5.0 Informasjon om – og marknadsføring av døropnartenesta .....	13
5.1 Gjere døropnartenesta kjend for innbyggjarar og bedrifter .....	13
5.1.1 Velkomst-brev (Bring) ved flyttemelding til folkeregisteret .....	13
5.1.2 Annonsering .....	13
5.1.3 Presseomtale .....	14
5.1.4 Direkte kontakt med bedrifter .....	14
5.1.5 Informasjon på Norddal kommune og Fjordhagen sine heimesider .....	14
6.0 Resultat frå spørjeundersøking for evaluering av døropnartenesta .....	14
7.0 Konklusjon og framlegg til vidareføring .....	16

## 1.0 Samandrag

Hovudmålet med døropnarprosjektet har vore ei positiv folketalsutvikling i Norddal kommune gjennom å få folk som flyttar hit og dei som bur her til å bli verande fordi dei trivs. Folketalsutviklinga har dessverre helde fram med å gå nedover i prosjektperioden. Målet om positiv folketalsutvikling er ikkje nådd, men ein bak tala i statistikken at den negative utviklinga som har vore i mange år har bremsa farten.

Å halde kontakta med utflytta Norddalingar og Norddalingar under utdanning, og synleggjere utvikling og mulegheiter i heimkommunen, er viktig for at dei skal kunne ha sjanse til å finne seg relevant jobb eller sjå mulegheitene for å starte eiga bedrift. Facebook-gruppa «Heim til Norddal» når denne målgruppa direkte og er av innflyttarane sjølv trekt fram som ein av dei mest relevante informasjonskanalane.

Gjennom at døropnartenesta har tatt personleg kontakt med alle innflyttarar, har vi fått ei svært god oversikt over kva behov innflyttarar har for hjelp. Vi har også opparbeidd ei god og viktig kontaktdatabase som kan brukast til å kommunisere informasjon som er relevant. Ikkje overraskande er det arbeidsinnvandrarane som nyttar døropnartenesta mest. Innanlandske innflyttarar har ofte familie/nettverk frå før, dermed er ikkje behovet for hjelp så stort, men vi har fått henvendingar frå desse også, spesielt ift. informasjon om ledige bustader.

Velkomstpakka frå Norddal kommune er svært godt mottatt av innflyttarane og har relevant innhald. Spesielt godt mottatt og nyttig er informasjon om fritidsaktivitetar og lag/organisasjonar, årsabonnement på Storfjordnytt og turkart for Norddal kommune. Informasjon og annonser i Storfjordnytt vert trekt fram som ein av dei fire mest relevante informasjonskanalane for innflyttarane.

Fana «Ny i Norddal»/ «Flytt hit» er saman med kommunen sine heimesider generelt trekt fram som to av dei mest relevante informasjonskanalane for innflyttarane.

Fadderordning/velkomstkomite i kvar bygd har vore lite behov for. Der det har vore behov har Frivilligsentralen skaffa oversikt over fadderar og døropnartenesta har kopla dei.

Det har vore lita interesse for informasjonsmøter/treff som har vore arrangert, men derimot stor oppslutning frå innflyttarane på arrangement som ikkje berre har vore retta mot innflyttarane, men som møteplassar for alle innbyggjarar. Dømer på dette er «Mangfaldsmarknad» i april 2013 og «Kveldsmat frå mange land» i september 2014.

Det var lita oppslutning på Romjulstreff 2013, som hadde som mål å samle utflytta norddalingar og ungdom under utdanning for å vise dei mulegheitene for arbeid, bustader og å starte bedrift mm. Vi trur at denne målgruppa allereie har fleire arenaer dei møtest på både i høgtider og feriar, og at ein heller må informere denne målgruppa fortløpande gjennom td. Facebook-gruppa «Heim til Norddal».

I løpet av prosjektperioden har døropnartenesta gått vekk frå å arrangere eigne norskkurs, og heller fått til samarbeid med vaksenopplæringa ved Valldal skule om at dei også kan ta inn betalande elevar i tillegg til dei som har «rett og plikt». Dette fungerer bra. Døropnartenesta har hatt løpende

kommunikasjon med vaksenopplæringa om å formidle til bedrifter og innflyttarar når det vert starta opp nye kurs. Det har vore undersøkt behov for å delta i organiserte språkgrupper for å kome saman og praktisere og perfeksjonere norskunnskapane, men dette har det vore lite interesse for.

Døropnartenesta har opparbeidd ei god oversikt over private tilbydarar av bustader til leige eller sal. I nært samarbeid med Norddal Eigedomsselskap, som har oversikt over ledige kommunale bustader, har døropnartenesta formidla ut oversikt over ledige bustader til dei som har hatt behov. Det er framleis eit problem å finne ledige bustader til leige i Valldal. Innflyttarar vil først «prøvebu» før dei går til det steget å kjøpe eller byggje sjølv. Vi har opplevd at potensielle innflyttarar har skrinlagd flytteplanane fordi dei ikkje fann bustad til leige av den standarden/storleiken, eller på den staden dei ynskte. Brosjyrer om husbanklån har vore vedlagt i alle utsendte velkomstpakkar, men kommunen melder om at ordninga har vore lite etterspurd. Likevel får vi tilbakemelding på spørjeundersøkinga til innflyttarar om at dei etterspør informasjon om husbanklån. Her er det nok ein «missing link» som må finnast.

På grunn av at mange bedrifter i kommunen/regionen vår ikkje legg ut ledige stillingar på NAV sine nettsider, har døropnartenesta lagt mykje arbeid i å lage og sende ut vekevise oppdateringar på ledige stillingar i nærområdet. Bedriftene annonserer ledige stillingar i lokalavisene (Storfjordnytt etc.) eller rekrutterer via eige nettverk. Døropnartenesta har også, på vegne av innflyttarar, sendt ut opne søknadar m/cv via Fjordhagen AS sitt bedriftsnettverk. Døropnartenesta kan vise til fleire døme på at tilflyttarar har fått seg jobb som følgje av dette arbeidet, og dermed har kunne blitt buande i kommunen. Vi har også etterkvart fått direkte henvendingar frå bedrifter som ynskjer at vi formidlar deira arbeidskraftbehov direkte til innflyttarar i kontaktdatabasen vår, og der har det også vore fleire vellukka koplinger.

## 2.0 Bakgrunn og rammer

Prosjektet er ei vidareføring av Døropnarprosjektet frå 2009-2012. Styringsgruppa rådde til at døropnartenesta vart vidareført i 3 nye år frå juli 2012 tom. Juni 2015 gjennom kjøp av teneste tilsvarande 30% stilling frå Fjordhagen AS, kr 200.000 per år.

Kommunestyret gjorde 21.06.2012 følgjande vedtak:

1. Norddal kommune vidarefører døropnartenestene med 3 nye år frå 01.07.2012-01.07.2015 med ei årleg løyving på kr 200.000,- frå næringsfondet.
2. Noverande styringsgruppe held fram, men etablering av interkommunalt samarbeid kan endre samansettinga.
3. I det vidare arbeidet skal hovudvekta av arbeidet leggast på personleg kontakt med innflyttarar der ein skal arbeide med bustad, arbeid, fritidsaktivitetar, arrangering av norskurs og kontakt med frivillig arbeid.
4. Ein inngår samarbeid med Stranda og Stordal kommune om ein søknad om LUK-midlar til eit 3-årig prosjekt for tilflytting, inkludering og oppfølging.

Det vart utarbeidd følgjande budsjett for døropnartenesteperioden 01.07.2012-30.06.2015:

	<b>Haust 2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>Vår 2015</b>
Abonnement Storfjordnytt	4500	9000	9000	4500
Porto flyttehjelpen (Bring)	250	500	500	250
Mat/husleige innflyttarmøter	2500	5000	5000	2500
Kart til velkomstpakke	1750	2500	2500	1750
Romjuls/påske/Olsoktreff		10000	10000	4498
Døropnarteneste	86502	173000	173000	86502
Diverse uføresett	4498	0	0	0
<b>Sum kostnader</b>	<b>100000</b>	<b>200000</b>	<b>200000</b>	<b>100000</b>

### 3.0 Organisering og rapportering

Kommunestyret vedtok 21.06.2012 at «noverande styringsgruppe held fram», dvs.

- Ordførar Bjørn Inge Ruset (leiar)
- Leiar av driftsutvalet Svein Linge (nestleiar)
- Næringsjef Toralv Klokkehaug
- Kultursjef Aud Lindis Ødegaard
- Rådmann Stig Holmstrøm

Fjordhagen AS har vore prosjektoperatør og har hatt sekretærfunksjon for styringsgruppa. Det har vore gjort fleire forsøk i prosjektperioden på å få til styringsgruppemøte, men det har ikkje lukkast. I praksis har styringsgruppa ikkje fungert i perioden, og Fjordhagen AS i staden laga og sendt kommunen underveisrapportar på dei ulike delmåla/tiltaka. Fjordhagen AS har hatt tett og løpende dialog med næringssjefen om prioriteringar av arbeidsoppgåver, det har vore naturleg sidan denne prosjektperioden har vore finansiert av pengar frå næringsfondet.

I tråd med kommunestyrevedtaket har det vore fokus og hovudvekt på «personleg kontakt med innflyttarar der ein skal arbeide med bustad, arbeid, fritidsaktivitetar, arrangering av norsk kurs og kontakt med frivillig arbeid».

Agnieszka Jemtegård heldt fram i døropnarstillinga i Fjordhagen AS frå tidlegare prosjektperiode, men gjekk ned frå 40% til 30% stilling. I tråd med konklusjon og framlegg til vidareføring frå første prosjektperiode 2009-2012, valde kommunestyret å leggje døropnartenesta til kommunen og næringa sitt nærings- og lokalsamfunnsutviklingsselskap Fjordhagen AS som held til i næringshagen på Grandane i Valldal. På denne måten har døropnartenesta hatt nær kontakt med næringslivet ift. arbeidskraftbehov, og døropnartenesta har også vore fleksibel ift. behov for kontakt utanom kontortid. Nærleik til hoppid.no-kontoret med rådgjeving for gründarar har også vore viktig, då fleire av dei som har tatt kontakt gjennom døropnartenesta også har hatt ynskje om å starte eiga bedrift.

Terese Jemtegård Moen har hatt ansvaret for å følgje opp arbeidet med søknad om LUK-midlar til eit 3-årig prosjekt for tilflytting, inkludering og oppfølging saman med Stranda og Stordal kommunar – ref pkt. 4. i kommunestyrevedtak av 21.06.2012. Dei tre kommunane sendte sommaren 2012 inn ein felles søknad til Møre og Romsdal Fylkeskommune om LUK-midlar til eit interkommunalt 3-årig

prosjekt for tilflytting, inkludering og oppfølging. Søknaden vart behandla i regional- og næringsutvalet i møte 04.09.12 og vart avslått med grunngjeving at prosjektet inneheld tradisjonelle og utprøvde metodar. Etter avslaget drøfta rådmennene i Stordal og Norddal moglegheita og behovet for vidare samarbeid. Rådmann i Norddal ba Terese Jemtegård Moen om å sende ei henvending til rådmenn, ordførarar og næringssjefar i dei tre kommunane for å høyre om det er interesse for å sjå Norddal, Stordal og Stranda som ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion og drøfte moglege nyskapande tiltak som ein kan gjere i fellesskap og som vil løfte kvarandre opp. Dette var tema på eit møte mellom dei tre kommunane i Liabygda 12.11.2012. Som oppfølging av møtet i Liabygda tok rådmannen i Norddal initiativ til at Norddal, Stranda og Stordal kommunar går saman om ein ny søknad om LUK-midlar til integrering og inkludering, spesielt når det gjeld arbeidsinnvandrarar. Terese J. Moen fekk i oppdrag å kome med ei prosjektskisse basert på førre søknad som grunnlag, men med ei spissing. Det vart også gjennomført eit møte 18.04.2013 med Eivind Ryste og Gunhild Dale ved regional- og næringsavdelinga i MR fylke for å presentert tankane kring søknaden og for å få konstruktive tilbakemeldingar. Søknaden vart innsendt 30.04.2013 og vart behandla i regional- og næringsutvalet i møte 04.06.13 der ein fekk løyvd 750.000 kr frå dei regionale utviklingsmidlane kap 551, post 60 i Statsbudsjettet til kompetansekartlegging og inkludering av arbeidsinnvandrarar i Norddal, Stordal og Stranda. På bakgrunn av tilseagna frå fylkeskommunen hadde prosjekteigarane v/rådmenn og næringssjefar i dei tre kommunane eit møte 16.10.2013 der ein vart samde om å køyre prosjektet i tråd med ambisjonane/aktivitetane i søknaden, men med nokre mindre reduksjonar. Prosjektet kom i gang i januar 2014 og Terese Jemtegård Moen/Fjordhagen AS er prosjektleiar for dette prosjektet. Då LUK-prosjektet er eit eige prosjekt med eigne mål/tiltak vert det ikkje omtala spesifikt i denne rapporten, ein viser i staden til eiga rapportering dette prosjektet.

## 4.0 Mål, delmål og resultat av tiltak

Hovudmålet med døropnarprosjektet har vore ei positiv folketalsutvikling i Norddal kommune gjennom å få folk som flyttar hit og dei som bur her til å bli verande fordi dei trivst.

Dersom ein ser på folketalsutviklinga for prosjektpérioden 2012-2015 så har folketalet gått ned med 62 personar frå 1738 innbyggjarar per 01.01.2012 til 1676 personar per 01.01.2015. Ser ein heile døropnarprosjektpérioden under eitt (2009-2015) så har folketalet gått ned med 93 personar.

Ein har såleis ikkje nådd målet om å snu ei langvarig negativ folketalsutvikling, men dersom ein ser bak tala frå Statistisk sentralbyrå så ser ein at den negative utviklinga har bremsa farten. Dersom ein samanliknar heile døropnarprosjektpérioden (2009-2014) med tal for dei seks førre åra (2003-2008) så har differansen mellom dei som flyttar hit frå utlandet (Innvandring) og dei som flytter til utlandet (Utvandring) auka. Norddal kommune har lenge hatt stor positiv arbeidsinnvandring frå utlandet, og ein ser at fleire av dei som flytter hit frå utlandet blir verande i åra som døropnarprosjektet har vore. Over mange år har Norddal kommune slite med at fleire flytter ut enn inn til kommunen.

Hovudårsaka til dette er at ungdommen flytter ut for å ta utdanning, og ikkje mange nok flytter heim att. Dette er framleis hovudårsaka til den negative folketalsutviklinga, men ein at dette har stagnert litt i døropnarprosjektpérioden samanlikna med dei seks førre åra. I tillegg kan ein sjå at også fødselsoverskotet stagnerer den negative utviklinga. Dette har samanheng med at langt færre har døydd dei siste seks åra, samstundes som fødselstala held seg nokonlunde stabile. Vi veit at mange av arbeidsinnvandrarane som har kome hit til kommunen har etablert seg her med både hus, jobb og

familie, og det er nok medverkande positivt på at fødselstala held seg stabile sjølv om folketalet elles går ned.

Statistikk oppsummert befolkningsutvikling Norddal kommune 2003-2014						
	Diff Innvandring/ utvandring	Diff Innflytting, innanlandsk/ Utflytting, innanlandsk	Netto- innflytting	Fødselsoverskot	Folketilvekst totalt	Folketal per 01.01
2003	1	-47	-46	-8	-54	1899
2004	10	-29	-19	-9	-28	1845
2005	11	-12	-1	-8	-9	1817
2006	5	-2	3	6	9	1808
2007	10	-61	-51	-4	-56	1817
2008	23	2	25	-16	8	1761
<b>Sum 2003-2008</b>	<b>60</b>	<b>-149</b>	<b>-89</b>	<b>-39</b>	<b>-130</b>	
<b>2009</b>	<b>30</b>	<b>-1</b>	<b>29</b>	<b>2</b>	<b>32</b>	<b>1769</b>
2010	6	-40	-34	-6	-40	1801
2011	7	-25	-18	-5	-23	1761
2012	11	-12	-1	2	1	1738
2013	6	-51	-45	-9	-54	1739
2014	7	-15	-9	0	-9	1685
<b>Sum 2009-2014</b>	<b>67</b>	<b>-144</b>	<b>-78</b>	<b>-16</b>	<b>-93</b>	

## 4.1 Å tiltrekke seg fleire innbyggjarar til Norddal kommune

### 4.1.1 Halde kontakta med utflytta Norddalingar og Norddalingar under utdanning

#### *Resultat:*

- Har skaffa oversikt over avgangselevar frå 10.klasse i Valldal og Eidsdal tilbake til 1998 og har sytt for å halde denne oppdatert med e-post, telefonnummer. Har nytta denne kontaktdatabasen til å sende ut relevant informasjon om ledige hus, arbeid, osv.
- Har oppretta Facebook-gruppe «Heim til Norddal» og oppdatert den ein gong i veka med informasjon om ledige stillingar, ledige bustader, dørropnartreff etc. Har invitert dei av avgangselevane som har Facebook inn til gruppa «Heim til Norddal».

## 4.2 Å få nye innbyggjarar til å kjenne seg velkomne, slik at dei blir buande

### 4.2.1 Ta personleg kontakt med alle innflyttarar

#### *Resultat:*

- Ut frå tilsendte innflyttarlistar frå Norddal kommune kvart kvartal har dørropnar gjort eit arbeid for å finne ytterlegare kontaktinformasjon (telefonnummer, epost og evt. Facebook-profil til innflyttarar). Vi har laga ei kontaktinformasjonoversikt som vi held ved like og oppdaterer jamlegg, og som vi nytta som grunnlag for utsending av relevant informasjon.
- Dørropnar har ringt til alle innflyttararar ut frå tilsendte innflyttarlistar frå Norddal kommune kvart kvartal. Innflyttarane vert ynskt velkommen til kommunen og dei vert spurde om dei ynskjer å motta velkomstpakka frå Norddal kommune, og om dei evt. har andre behov som dørropnar kan vere med å hjelpe å følgje opp (td. jobb til ektefelle, bustad, fritidsaktivitetar og anna). Dørropnar har også tatt direkte kontakt med innflyttarane i samband med organiserte treff, kurs osv. Det tek ofte månadar (og i nokre tilfeller også år) frå personen har meldt flytting til at personen dukkar på kommunen sine kvartalsvise innflyttarlistar.
- I tillegg til at dørropnar har tatt personleg kontakt med innflyttarane så har også innflyttarane tatt kontakt sjølve. Dei kjem helst innom kontoret på besøk om det er noko dei treng hjelp til.

Spørsmåla og utfordringane dei nye innbyggjarane har, er svært varierande. Ikkje overraskande er det arbeidsinnvandrarane som nyttar døropnartenesta mest. Innanlandske innflyttarar har ofte familie/nettverk her frå før, dermed er ikkje behovet for hjelp så stort, men det er likevel eit behov, spesielt ift. informasjon om ledige bustader.

- I perioden juni 2012-juni 2015 har døropnartenesta tatt personleg kontakt med 174 nye innflyttarar.

#### 4.2.2 Syte for at alle innflyttarar får Norddal kommune si velkomstpakke

##### **Resultat:**

- Med utgangspunkt i innflyttarlistene frå Norddal kommune og telefonkontakt med innflyttarane har det totalt vore utsendt 111 velkomstpakkar i perioden juni 2012-juni 2015
- Innbyggjarar som allereie har flytta att har ikkje fått, og det har vore utsendt ei pakke per husstand.

#### 4.2.3 Oppdatere velkomstpakken og kommunen sine heimesider

##### **Resultat:**

- Velkomstpakken inneholder velkomsthelsing frå ordføraren, eitt års abonnement på lokalavisa Storfjordnytt, turkart for Norddal Kommune, brosjyre/foldar for Norddal Kommune, brosjyre om husbanklån gjennom kommunen, brosjyre for Frivilligsentralen i Norddal og ei liste over lag og organisasjonar i kommunen med kontaktinformasjon. I tillegg har det vore vedlagd informasjon om aktuelle arrangement/innflyttartreff. Brosjyra «Ny i Norge» på norsk, engelsk og polsk, med praktiske informasjon frå offentlege etatar vert ettersendt/utlevert til dei som har behov. Det same med brosjyra «New in the Ålesund region», som er utarbeidd av næringsforeninga/handelskammeret i Ålesund og Sunnmøre regionråd m.fl., med praktisk informasjon om å jobbe og leve i Ålesundsregionen.
- Døropnar har i samarbeid med kommuneadministrasjonen arbeidd for å halde sidene «Ny i Norddal» oppdatert med informasjon som kan vere nyttig for innflyttarar (kurs, treff, informasjon om endringar, med meir). I 2014 fekk kommunen nytt design/brukargrensesnitt på sine heimesider. «Ny i Norddal» vart då endra til ein knapp «Flytt hit» der det er informasjon om døropnartenesta og kva døropnaren kan hjelpe med, lenke til oversikt over ledige hustomter i kommunen og lenke til den elektroniske versjonen av Ny i Norge, [www.nyinorge.no](http://www.nyinorge.no) Kommunen har også ein kulturkalender «Kva skjer» som døropnartenesta har meldt inn arrangement til.

#### 4.2.4 Organisere fadderordning/velkomstkomité i kvar bygd

##### **Resultat:**

- Døropnar har vore i kontakt med Frivilligsentralen ift. å organisere fadderordning for innflyttarar, og Frivilligsentralen skaffa fleire namn på liste over folk som kunne tenkje seg å vere fadder for nye innflyttarar.
- Det har vore lite etterspurnad etter/behov for fadderordning, men i dei få tilfella det har vore behov for det så har døropnartenesta og Frivilligsentralen kopla fadder og innflyttarfamilie.
- Eit av funna i masteroppgåva «Stadkvalitetar som har betydning for innflyttarar til Norddal kommune» frå 2012 var at innflyttarfamiliar kjenner seg velkomne av både naboar, bygdesamfunn og kommune, og at det er lett å bli kjent med folk og bli integrerte i aktivitetar. Dette gjeld for alle bygdene i kommunen, og forklarar at behovet for fadderordning ikkje er så stort.

## 4.3 Betre trivsel og betre integrering

### 4.3.1 Arrangere jamnlege informasjonsmøter/treff for innflyttarar

#### **Resultat:**

- I perioden juni 2012-juni2015 har det vore arrangert 6 treff: 14.11.12, 13.04.13, 29.08.2013, 13.06.2014, 23.09.2014 og 27.01.15.
- «Velkomen skal du vere»-treff 14.11.12 vart halde på Frivilligsentralen der ordførar Bjørn Inge Ruset ynskte velkommen, Bjørg Kleppe orienterte om Frivilligsentralen og Agnieszka Jemtegård orienterte om Døropnartenesta. 3 nye innflyttarar møtte, og dei gav gode tilbakemeldingar på velkomstpakken.
- I samarbeid med Frivilligsentralen, kulturavdelinga, kyrkjekontoret og frivillege lag og organisasjonar, var døropnartenesta med å arrangere Mangfaldsmarknad for første gong på Valldal samfunnshus 13.04.2013. Tre utanlandske stands (Tyskland, Polen og Belgia) hadde matservering med mange spennande rettar, også Finland, Latvia, USA og Sri Lanka hadde stand med framsyning av kultur frå sine land. Bygdekvinnelaget sto for sal av sveal og kaffi, samt Sæterboka. Norsk Bærindustri og Valldal Kringle presenterte sine produkt. I tillegg var mange lag og organisasjonar representerte med stand: Bygdekvinnelaget, Valldal Trial, Fjørå Helselag, Norddal Frivilligsentral, Kraftsenteret, Ungdomsarbeid, Kulturskulen, God Helse, Bibliotek, Eidsdal-Norddal Røde kors, Valldal Idrettslag, Norddal Husflidslag, Den Norske Kyrkja, Fjørå og Valldal Pensjonistlag og Døropnartenesta. Ordførar Bjørn Inge Ruset opna arrangementet og Valldal Spelemannslag, Valldal Songlag og Valldal Hornmusikkklag hadde underhaldning frå scena. Fint ver ute gjorde nok at mange valde andre aktivitetar framfor å kome på Mangfaldsmarknad, men trass i dette var marknaden godt besøkt. Mangfaldsmarknaden var eitt av fleire arrangement i Folkehelseveka i Norddal kommune.
- 29.08.2013 var det arrangert «Velkomen skal du vere»-treff på Frivilligsentralen med ordførar Bjørn Inge Ruset frå Norddal kommune og Annrid Nerhus frå Frivilligsentralen/Kraftsenteret, i tillegg til døropnar. Det kom 7 nye innflyttarar og 2 personar som kunne tenkje seg å stille opp som fadderar. Alle fekk omvisning på helsesenteret og innflyttarane gav også god tilbakemelding på velkomstpakken.
- 13.06.2014 bisto døropnartenesta eit initiativ frå tilsette på Valldal trygde- og sjukeheim om å arrangere eit treff for dei tilsette.
- Som ei vidareutvikling av mangfaldsmarknaden vart det 23.09.2014 arrangert «Kveldsmat frå mange land» på Røde kors-huset i Eidsdal. Dette vart kort fortalt ein stor suksess med full sal og folk frå alle bygder og alle mulege nasjonar. Eidsdal Norddal Røde kors, Frivilligsentralen, Kulturkontoret, Næringskontoret og døropnartenesta samarbeidde om å få det til. Ein søkte og fekk midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til arrangementet. Døropnartenesta nytta den kontaktdatabasen ein har opparbeidd gjennom 5 år til å ta kontakt med ca 100 personar som innflyttarar frå andre land. Totalt 16 nasjonar var representert, ca 30 personar hadde laga smaksprøver av matrettar frå sine heimland, og ca 50 ulike rettar vart servert. Det vart tillaga langbord med 87 sitteplassar og over 130 personar var innom i løpet av dei to timane arrangementet varte. Ein av grunna til at arrangementet vart så vellukka var at dei utanlanske innflyttarane sjølv fekk vere med å lage til – mange av dei gav tilbakemelding om at dette arrangementet måtte bli årleg og at dei ville stille opp att neste år og lage mat. Det er planlagd eit nytt kveldsmat-arrangement i Eidsdal i september, også denne gongen i samband med folkehelseveka.
- På «Velkomen hit»-treffet 27.01.2015 på Frivilligsentralen møtte ordførar Bjørn Inge Ruset frå kommunen, Bjørg Kleppe frå Frivilligsentralen, døropnar Agnieszka Jemtegård, Terese Jemtegård Moen frå Fjordhagen og representantar frå Valldal Høvleri AS. Det møtte 1 ny innflyttar på treffet. Ho ga tilbakemelding om at velkomstpakken var eit positivt tiltak, og synest også at sjølv treffet var positivt og nyttig. Ho var overraska over at ingen andre nye innflyttarar kom.

- Døropnar har deltatt på samhandlingsmøte med lag og organisasjonar, og hatt møter med Frivilligsentralen om samarbeid med lag og organisasjonar.
- I samarbeid med Valldal Idrettslag og «Vekas tur» inviterte døropnartenesta med seg innflyttarar ut på tur hausten 2012. Ein polsk familie deltok på tur til Klovset 3.november. Resten av turane vart avlyst.
- 25.10.12 vart det invitert til barnetreff på Frivilligsentralen med glasmåling som aktivitet. Berre nokre få personar møtte.
- 06.12.12 inviterte Mental Helse Norddal til julebaksttreff, og døropnar og fleire innflyttarar var med.
- Generelt kan ein konkludere med at interessa for innflyttartreff/«Velkommen hit»-treff med tematisk informasjon har vore liten. Vi meiner arrangementa har vore godt opplyst om, det har vore sendt invitasjonar både på epost og informert om i Facebook-gruppa «Heim til Norddal». Det er nok truleg slik at informasjonen som innflyttarane får er god nok, og at innflyttarane har eit godt nettverk både på jobb og evt. familie som kan hjelpe til å finne informasjon når dei treng det.
- Derimot var Mangfaldsmarknaden, «Kveldsmat frå mange land»-arrangementa og fleire av aktivitetane som ikkje berre var retta mot innflyttarane, men mot alle innbyggjarar svært vellukka og samla mange folk – både innbyggjarar, innflyttarar, ulike nasjonar og folk frå alle bygdene.

#### **4.3.2 Arrangere årlege treff for utflytta norddalingar og ungdom under utdanning**

***Resultat:***

- Det var planlagd å arrangere romjulstreff i 2012, men pga forseinking i det nye leilegheitsprosjektet til Valldal Høvleri/Valldal bygg, valde vi å utsette treffet til dette var klart. Grunnen til dette er at ein av flaskehalsane for å få utflytta Norddalingar/ungdom til å flytte heim att har vore at her har vore lite bustader tilgjengelege, spesielt i Valldal.
- Det vart arrangert romjulstreff 27.12.2013 på Kulå i Valldal. Her møtte 7 bedrifter som hadde førebudd presentasjon av noverande og framtidig arbeidskraftbehov i sine bedrifter. Ordførar Per Magnus Berdal og den nye rådmannen Tor Helge Stavdal møtte frå Norddal kommune. I tillegg til å presentere døropnartenesta vart det også presentert muligheten for å få hjelp av hoppid.no-kontoret til å starte eiga bedrift. Oppmøtet var under forventa. Det kom 6 personar (ingen av dei var i alderen 20-35 år), men dei som møtte meldte om at dei hadde godt utbytte av treffet. Det var omvisning på GrandeGarden og Storfjord helsecenter som ein del av treffet. Ei viktig effekt av dette treffet var også positive tilbakemeldingar frå næringslivet på at det var synleggjort at her er mange interessante jobbar tilgjengeleg både på kort og lang sikt. Ut frå dette kom vi til at det ikkje er behov for å arrangere fleire slike treff. Vi trur at ungdom under utdanning og utflytta Norddalingar allereie har fleire arenaer dei møtast på både i jul, påske og i vinter-, sommar- og haustferiane.

#### **4.3.3 Arrangere norskkurs og andre kurs**

***Resultat:***

- Døropnartenesta har arbeidd kontinuerleg med å syte for tilgjengelege norskkurs for arbeidsinnvandrarar og utanlandske innflyttarar sidan oppstarten i 2009. Døropnartenesta har i perioden 2012-2015 arrangert A2-kurs hausten 2012 med 11 deltarar og B2-kurs hausten 2012 med 7 deltarar. Det vart lyst ut mulighet for A1-kurs våren 2013 og B1-kurs våren 2013, men her var det lite påmeldte, og kurs blei ikkje igangsett. Mange av deltarane på kursa kom frå nabokommunane, spesielt frå Stranda og Geiranger.

- Døropnartenesta har frå våren 2013 fått til eit samarbeid med vaksenopplæringa ved Valldal skule om at dei også tek inn arbeidsinnvandrarar til norskkurs som likevel vert arrangert for dei som har rett og plikt (td. familiegjenforente).
- Etter at LUK-prosjekt for integrering av arbeidsinnvandrarar i Stranda, Norddal og Stordal starta opp i januar 2014 har ein fått til eit samarbeid mellom vaksenopplæringa i dei tre kommunane om å tilby portefølje av kurs slik at det alltid er eit nybyrjar- eller vidaregåande kurs å delta på anten i Valldal eller på Stranda. Døropnartenesta har formidla informasjon om tilgjengelege norskkurs til alle nye utanlandske innflyttarar. LUK-prosjektet har også søkt og fått eksterne midlar frå VOX til å kunne engasjere Folkeuniversitetet til å halde gratis yrkesretta norskkurs for bedrifter i dei tre kommunane. Døropnartenesta har gjennom si kontaktbase av utanlandske innflyttarar bidratt til å rekruttere deltakarar til slike kurs som starta opp i Valldal i februar.
- Døropnartenesta har undersøkt behovet for å delta i organiserte språkgrupper for vidarekomne der ein kan praktisere og perfeksjonere norskunnskapane. Det har også vore undersøkt behovet for samtalegrupper med faglige og samfunnsmessige tema, men det har ikkje vore interesse for det.

#### **4.3.4 Arrangere busstur rundt om i bygdene med gode guidar**

**Resultat:**

- Det var lita interesse for dette tiltaket i første prosjektperiode, så det vart ikkje gjort forsøk på å få det til i denne perioden. Eit slikt tiltak ser vi for oss kan byggjast inn i framtidig verkskapsfunksjon, og kombinerast med årlege visningsturar i forkant av sommarsesongen for frontpersonale i dei ulike bedriftene i kommunen.

#### **4.3.5 Få kulturkalenderen med oppdaterte arrangement til å bli kjent**

**Resultat:**

- Døropnartenesta har sytt for å sende ut informasjon om tilbod i kommunen, kulturkalender og tilbod ved Kraftsenteret/Frivilligcentralen til kontaktdatabasen av innflyttarar både via epost, facebook og direkte telefonsamtaler.
- Døropnar har også vore i kontakt med lag og organisasjonar for å få dei til å legge sine arrangement inn i kulturkalenderen på Norddal kommune sine heimesider.

### **4.4 Gjere det så lett som muleg å skaffe arbeid og bustad**

#### **4.4.1 Skaffe, vedlikehalde og tilgjengeleggjere oversikt over ledige bustader til leige/ sal**

**Resultat:**

- Døropnartenesta har ringt rundt til – og blitt kontakta direkte av – personar som har eller kan ha ledig leilegheit eller hus til leige eller sal. Døropnartenesta har også hatt nær kontakt med Norddal Eigedomsselskap KF som har oversikt over ledig kapasitet på kommunale bustader. Døropnartenesta har oversikt over/kontakt med 46 huseigarar (utanom kommunale bustader) og har halde jamnleg oppdatert oversikt over bustader til leige og sal.
- Før leilegheitene som Valldal høvleri/Valldal bygg oppførte på Grandane i Valldal var ferdig, var det faktisk eit betydeleg problem for døropnartenesta å klare å finne ledige leilegheiter/hus tilgjengeleg, både til leige og til sal. Dette betra seg betydeleg etter at leilegheitene på Grandane stod ferdig. Kjøparane av desse leilegheitene selde sine større einebustadar. Ei stund var det lite etterspurnad etter leilegheiter/hus til leige, og det såg ut til at marknaden fungerte godt av seg

sjølv, men ut på våren 2015 kom det nye forespurnadar om vi visste om leilegheiter/hus til leige. Det er altså framleis eit problem å finne ledige bustader, spesielt i Valldal.

- Det er slik at innflyttarar først vil «prøvebu» før dei går til det steget å kjøpe eller bygge hus/leilegheit. Vi har opplevd fleire gonger gjennom prosjektperioden at familiar som kunne tenkje seg å flytte hit (og som i tillegg har klart å skaffe seg jobb) skrinlegg flytteplanane fordi dei ikkje finn eigna bustadar til leige i det området dei ynskjer. Sjølv om der har vore ledige leilegheiter av god standard i Eidsdal, har ikkje potensielle innflyttarar vurdert det som eit alternativ på grunn av ferja – sjølv om vi sjølv sagt har prøva å argumentere for det motsette.

#### 4.4.2 Skaffe, vedlikehalde og tilgjengeleggjere oversikt over ledige tomter

##### **Resultat:**

- Oversikt over kommunale tomter har heile tida vore tilgjengeleg via kommunen sine heimesider under fana «Ny i Norddal»/«Flytt hit».
- Døropnar har halde kontakt med ulike byggfirma for aktuelle byggprosjekt. Valldal Høyleri/Valldal Bygg AS presenterte leilegheitsprosjektet GrandeGarden på «Velkommen skal du vere»-treffet den 27.01.2015, og her var det også visning i ferdig leilegheit.

#### 4.4.3 Stimulere til nye prosjekt som kan auke talet på bueiningar til sal og/eller leige

##### **Resultat:**

- Brosjyrer om husbanklån har vore vedlagt i alle utsendte velkomstpakkar
- Døropnar har vore i kontakt med Valldal Bygg AS under prosjektering- og salsprosessen og hjelpt til med å vidareformidla informasjon om prosjektet til interessantar.

#### 4.4.4 Å få fram tiltak som kan hjelpe tilflyttarar å velje Norddal kommune

##### **Resultat:**

- Døropnaren var involvert i prosjektet «Frå gardssmier til gründersmier» som vart gjennomført i 2012 i samarbeid med hoppid.no, Fjordhagen, Storfjord kompetansepark og næringskontora i Stranda og Norddal kommunar. Prosjektet hadde som mål å få utanlandske gründarar til å overta bedrifter som stod utan drivar i Norddal, Stordal og Stranda kommunar.
- Døropnaren var involvert i utarbeiding av Omdømmestrategi for Norddal kommune med tilhøyrande handlingsplan. Målet med omdømmestrategien er å tiltrekke seg fleire innbyggjarar og å utvikle kommunen til eit attraktivt lokalsamfunn gjennom langsigkt omdømmearbeid.

#### 4.4.5 Skaffe, vedlikehalde og gjere tilgjengeleg oversikt over ledige stillingar

##### **Resultat:**

- Døropnartenesta har laga og sendt ut vekevisse oppdateringar på ledige stillingar i nærområdet til tilflyttarar og andre som har vist interesse for Norddal kommune, og som ynskjer oppdatering. Informasjonen har vore lagt ut i facebook-gruppa «Heim til Norddal» og sendt ut på epost.
- Døropnartenesta har hjelpt folk som søker jobb med søknader og har sendt ut opne søknadar med cv til bedrifter i nærområdet. Her har det vore fleire «match» som direkte har ført til at folk har blitt verande i kommunen i staden for å måtte flytte ut.
- Bruken av døropnartenesta har berre auka frå oppstarten i 2009. I perioden frå juni 2012-juni 2013 var vi i kontakt med 25 personar som trøng hjelp til å finne bustad og arbeid. I perioden juni 2014 til juni 2015 hadde talet på personar som trøng hjelp frå døropnartenesta auka til 47

personar. Fleire av desse trøng også hjelp med søknader til NAV, og å finne fram til offentlege tenester som td. sjukehus, skatteetaten og folkeregisteret. Det har også vore behov for polsk tolk i samband med eksamen i maskinførarkurs. Halvparten har tatt kontakt per telefon eller epost, resten har møtt direkte på kontoret.

- Det viser seg at det er fleire av bedriftene i regionen som ikkje registrerer sine ledige stillingar inne på NAV sine nettsider. I staden vert dei utlyst i lokalavisa Storfjordnytt eller rekruttert til via eige nettverk. Døropnartensta tok kontakt med Storfjordnytt for at dei kunne oppmøde sine bedriftsannonser om også å registrere ledig arbeid på NAV sine nettsider, slik at det var «ein plass» der ein kunne vise til ei samla oversikt over ledige stillingar i nærområdet. Det var ikkje mykje respons på dette, bedriftene held fram som før. Difor har det vore behov for at døropnartenesta har laga ei vekesvis oppdatert oversikt over ledige stillingar.

## 4.5 Innhente erfaringar og kunnskap frå andre liknande prosjekt

- Døropnar deltok på Arbeidsinnvandringskonferansen i Brattvåg 30.01.2013
- Døropnar deltok på Bulystkonferansen i Jølster 09.-10.04.2013 med tema «arbeidslyst, bulyst, blilyst».
- Undervegskontakt med Distriktsenteret og gjennomgang av relevante forskingsrapportar, mellom anna «Tilflytting for enhver pris» som er ei studie av tilflyttingsarbeid i norske distriktskommunar utgjeve i 2013.
- Undervegskontakt og erfarringsdeling med Placement AS.

# 5.0 Informasjon om – og marknadsføring av døropnartenesta

## 5.1 Gjere døropnartenesta kjend for innbyggjarar og bedrifter

### 5.1.1 Velkomst-brev (Bring) ved flyttemelding til folkeregisteret

#### *Resultat:*

- Norddal kommune har i prosjektperioden hatt avtale med Bring om å sende velkomstbrev til alle nye innflyttarar umiddelbart etter registrering av flytting i folkeregisteret. I dette brevet står velkomsthelsing frå ordførar, samt kontaktinformasjon til døropnartenesta. Velkomstbrevet har hatt ein viktig funksjon då det vert sendt ut umiddelbart etter at nokon har meldt flytting til folkeregisteret, og at innflyttaren får umiddelbar informasjon om mulegheita for å kontakte døropnartenesta om det er noko ein treng hjelp til. Ei utfordring med dei kvartalsvise innflyttarlistene frå Norddal kommune er at dei som står oppført på desse kan ha flytta hit til kommunen allereie for 6 månadar sidan (eller i nokon tilfelle for over eit år sidan).
- I samband med at det var behov for å oppdatere velkomstbrevet med namn til ny rådmann var Døropnar i kontakt med Bring og Norddal Kommune vinteren 2015. Norddal Kommune valde då å avslutte avtalen om brev frå Bring utan at tenesta var evaluert.

### 5.1.2 Annonsering

#### *Resultat:*

- Fleire av døropnar-arrangementa har vore annonser i eiga annonse i Storfjordnytt for å oppnå større synlegheit enn om det står saman med annan kommunal informasjon i fellesannonse. Den første tida av prosjektperioden var det også prøvd med fast annonse i Storfjordnytt kvar månad for å gjere døropnartenesta kjend. Dette slutta vi med då Fjordhagen AS starta med månadlege elektroniske nyhetsbrev der også «døropnarnyheiter» var omtala.

### **5.1.3 Presseomtale**

#### **Resultat:**

- Døropnartenesta har fleire gonger fått god omtale i media av folk som har fått hjelp, og gjennom dekning av ulike arrangement som t.d. Mangfaldsmarknad og «Kveldsmat frå mange land».

### **5.1.4 Direkte kontakt med bedrifter**

#### **Resultat:**

- Døropnartenesta har gjort seg nytte av Fjordhagen sitt store bedriftsnettverk, og har sendt ut informasjon på epost om døropnartenesta/arrangement og opne jobbsøknadar med cv. Bedriftene er ofte det første kontaktpunktet til ein innflyttar, og naturleg nok ofte dei første som får vite om nytiflyttarar.
- Bedriftene har kontakta døropnartenesta når dei til dømes har hatt tilsette som har behov for informasjon om norskkurs og ledige bustader.

### **5.1.5 Informasjon på Norddal kommune og Fjordhagen sine heimesider**

#### **Resultat:**

- Døropnartenesta har vore marknadsført via eigen knapp «Flytt hit» på Norddal kommune sine heimesider. Vi har også utarbeidd eit flygeblad som er distribuert på epost, lenka til på heimesider og lagt ut på bedrifter og offentlege kontor.

## **6.0 Resultat frå spørjeundersøking for evaluering av døropnartenesta**

For å få ei ekstern evaluering av døropnarprosjektet vart det i juni 2015 sendt ut ei anonym spørjeundersøking for å få tilbakemeldingar frå innflyttarane sjølvé på kva som har fungert og kva som ikkje har fungert.

Undersøkinga vart sendt ut på epost til 110 adresser, og linken vart distribuert gjennom Facebook som melding til 80 personar. Til saman 190 personar var informert om spørjeundersøkinga. 34 personar svarte, dette utgjer ein svarprosent på 17,9% som må seiast å vere bra for slike undersøkingar. Kun ein av respondentane har flytta ut av kommunen (til utlandet), resten av respondentane bur her framleis. Motivet for flytting var arbeid og familie.

56 % av respondentane har vakse opp i Norddal Kommune. Følgjande nasjonalitetar var representert i undersøkinga: Norge (82 %), Danmark, England, Litauen, Tsjekkia, Tyskland, Sveits, Hellas, Russland, USA og Georgia. Hovudmotivet for at folk flytta til Norddal Kommune er familie (38 %), stad og miljø (26 %) og arbeid (23 %).

56 % av respondentane svarar at dei fekk velkomstbrev ved innflytting, 59% svarar at dei fekk velkomstpakke ved innflytting. Vi ser av svara folk har gjeve at dei blanda velkomstbrev sendt gjennom Bring og velkomstpakka frå Norddal kommune som døropnartenesta har sendt ut. Det ser ut som dei fleste har trudd at dei har svara på at dei har fått velkomstpakke. Tilbakemeldingane på velkomstpakka og innhaldet er gode, og det kom også nokre forslag til forbetringar:

- «Jeg kunne tenkt meg å bli litt meir kjent med Valldal og bedriftene der. En tanke kunne kanskje være å ta med tilbud i restaurantene og butikkene i Valldal – f.eks. 10% rabatt. Jeg satte stor pris på å få turkart over området og et års abonnement på Storfjordnytt er også kjempenyttig.»
- «Kjekt med velkomspakke - nyttig med kart og abonnement på Storfjordnytt for å bli raskare og betre kjent!»

75% av respondentane har nytta seg av gåveabonnement på Storfjordnytt, og 71% av desse svarar at dei framleis abonnerar på Storfjordnytt. Storfjordnytt melder om at over 50% av dei som har fått gáveabonnement vidarefører og betaler abonnementet etter eitt år. Kun 3% av respondentane svarar at dei meiner at det ikkje er nødvendig å sende ut velkomspakke.

Respondentane graderer informasjon som er viktig i ein velkomspakke på følgjande måte:

- Informasjon om fritidsaktiviteter og lag og organisasjoner 74%
- Gåveabonnement Storfjordnytt 59 %
- Turkart 59 %
- Informasjon om døropnarteneste 38 %
- Informasjon om norskurs 35 %
- Informasjon om «Ny i Norge» 26 %
- Informasjon om husbanklån 15%

18 % av respondentane har vore i kontakt med døropnartenesta. Av dei som tok kontakt svarar 40 % at dei fekk hjelp til å finne arbeid, 40 % fekk hjelp med søkerader og 20 % med fritidsaktiviteter. På spørsmål om dei var tilfreds med hjelpa dei fekk svara 33 % at dei var nøytral, 33,3% svara at dei var tilfreds og 33,3% svara at dei var svært tilfreds med hjelpa dei fekk. Altså svært god tilbakemelding på kvaliteten på døropnartenesta frå dei som har vore i kontakt. På spørsmål om dei saknar noko ved døropnartenesta svarar respondentane at ein saknar meir kunnskap om boligstøtte, NAV- og skatteordning.

Vi spurde respondentane om kva informasjonskanalar som har vore mest relevante for dei, og dei viktigaste informasjonskanalane har vore

- Fane «Ny i Norddal»/Flytt hit på Norddal kommune sine heimesider (50%)
- Informasjon og annonser i Storfjordnytt (43%)
- Generell informasjon på [www.norddal.kommune.no](http://www.norddal.kommune.no) (40%)
- Facebook-gruppe «Ny i Norddal) 17%

Til slutt i undersøkinga svarar 3% ja på spørsmål om døropnartenesta har vore direkte medverkande til at respondenten m/familie har blitt verande i Norddal.

## 7.0 Konklusjon og framlegg til vidareføring

I og med at folketalet i Norddal held fram med å synke, er det viktig å framleis ha fokus på tilflyttingsarbeid i Norddal kommune. Ein har i denne rapporten dokumentert kva tiltak som innflyttarane har behov for, og kva vi ikkje treng å leggje ressursar i.

### Det er framleis behov

- For å halde løpende kontakt med utflytta Norddalingar og Norddalingar under utdanning for å synleggjere utvikling og mulegheiter i heimkommunen gjennom Facebookgruppa «heim til Norddal» (informasjon om utviklingsprosjekt, ledige jobbar, ledige bustader)
- For å ta personleg kontakt med alle innflyttarar slik at vi kan ynskje dei velkommen, få vite kva behov dei har for hjelp (spesielt arbeidsinnvandrarar).
- For å vidareføre og oppdatere kontaktdatabasen over innflyttarar slik at vi kan kommunisere relevant informasjon
- For å sende ut velkomstpakke til nye innflyttarar med informasjon om fritidsaktivitetar og lag/organisasjonar, årsabonnement på Storfjordnytt og turkart for Norddal kommune.
- For å arrangere møtestadar for innflyttarar OG innbyggjarar slik som «Kveldsamat frå mange land»
- For å ha oversikt over og formidle informasjon om tilgjengelege norskkurs
- For å vidareføre og oppdatere oversikt over private tilbydarar av bustader til leige eller sal, å vidareformidle oversikt over offentlege bustader til leige og å kommunisere dette ut til dei som har behov.
- For å skaffe oversikt over og formidle ledige stillingar til dei som har behov og å ta imot meldingar frå næringslivet og vidareformidle desse til dei som har behov.

### Framlegg til vidareføring

I kommunen sin vedtekne Omdømmestrategi, og tilhøyrande arbeidsgruppe sitt framlegg til handlingsplan for denne er det gjort framlegg til ei rekke tiltak for korleis ein skal strategisk utvikle og kommunisere reelle stadtvalitetar og utvikling innanfor dei ulike omdømmesatsingsområda (næringsutvikling, bygdeutvikling, kommunale tenester, fritida). Eit av tiltaka for kommunikasjon av livskraft er å få på plass LIVSKRAFTportal for Norddal. Dette har Fjordhagen saman med næringsforumsbedriftene og kommunen no realisert. Målgruppene for ein slik portal er både innbyggjarar, besøkjande og potensielle nye innbyggjarar (både utflytta Norddalingar og andre).

Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen AS er under avvikling og Norddal kommune må no ta stilling til korleis dei skal løyse vertskapsfunksjonen for kommunen frå 01.01.2016.

Vi meiner kommunen bør vidareføre «det beste av døropnartenesta» (jamfør punkt på kva det framleis er behov for), og sjå dette i samanheng med både omdømmestrategi for LIVSKRAFT og framtidig vertskapsfunksjon for kommunen. Dette er også i tråd med strategiar og tiltak for næringsutvikling som er under utarbeiding av prosjektgruppe for strategisk næringsplan.